



RÅDSMEDLEMMENE OG RÅDMANNFORUM

INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Torsdag 12.09.2024

Klokka 09.00-15.00

Stad: Nye heradstyresalen i Ulvik

Møteplan 2024 for Hardangerrådet, godkjent 28.09.2023 gjeld som møteinnkalling.

09.00 - 09.30	Sakshandsaming Hardangerrådet
09.30 - 10.00	Fagskulen Hjeltnes
10.00 - 10.30	Visit Hardangerfjord "Reiselivsstrategi for Hardanger", status og søknad
10.30 - 11.00	Fjernerarbeidsplassar Fase 2
11.00 - 12.00	Dialog med Hovudutval for samferdsel og mobilitet i Vestland fylkeskommune
12.00 - 13.00	Lunsj
13.00 - 15.00	Sakshandsaming Hardangerrådet

Besøk/Dialog:

- Fagskulen Vestland campus Hjeltnes v/ fagkoordinator Julie Gyllander
- Visit Hardangerfjord v/ dagleg leiar Andreas Skogseth og styreleiar Margit Lund-Mikkelsen
- Status forskningsprosjekt Fjernerarbeidsplasser v/ forskingsleiar Kåre Hansen
 - Inviterar seg inn i kommunestyrene denne hausten
 - Digitalt Webinar med Island.
- Hovudutval for samferdsel og mobilitet i Vestland fylkeskommune v/ leiar Arve Helle, samt avdelingsdirektør for Mobilitet og kollektiv Ann Iren Fagerbakke og avdelingsdirektør for Infrastruktur og veg Dina Lefdal

Saker til handsaming:

HR-sak 20/24 Meldingar

HR-sak 21/24 Møteplan 2025

HR sak 22/24 Høyringsinnspel - Forslag til ny motorferdsellov (Frist 15/9)

HR-sak 23/24 Søknad frå Visit Hardangerfjord om støtte til hovedprosjekt regional reiselivsstrategi for Hardanger

HR-sak 24/24 Orienterings- og drøftingssaker

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 05.09.24

Timo Knoch /s
rådsordførar

Trude Rinaldo
konsulent



Møtedato 12.09.2024	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

HR-sak 20/24 Meldingar

- Melding 1: Mail av 28.06.24 frå INVEST in Bergen- Ny programperiode
- Melding 2: Brev av 09.08.24 frå Statsforvaltaren i Vestland vedrørande Skjønnsmidler -
prosjektskjønn 2025
- Melding 3: Referat frå Rådmannsforum 21.08.24
- Melding 4: Referat frå Oppstartsmøte”Felles forvaltningsplan Hardangerfjorden 21.08.24
- Melding 5: Mail av 28.08.24 frå TV aksjonen 2024



Trude Rinaldo <trude.rinaldo@hardangerraadet.no>

Ny programperiode

1 e-post

'Tone Hartvedt' via Post Hardangerraadet <post@hardangerraadet.no>

28. juni 2024 kl. 14:06

Svar til: Tone Hartvedt <tone@investinbergen.no>

Til: Tone Hartvedt <tone@investinbergen.no>

Til ordførere, kommunedirektører og næringsssjefer

I disse dager har Vestland fylkeskommune sendt ut en invitasjon til kommunene om å bli med på en ny fireåring programperiode for Etablerersenteret og Invest in Bergen.

Vi håper dere har anledning til å behandle dette i høst. Har dere ikke mottatt en tilbud om en ny programperiode, så kom tilbake til oss. Vi i Invest in Bergen starter ferien denne helgen, og er tilbake på plass for å jobbe videre med mange spennende prosjekter og aktiviteter i august.

Vi treffer dere gjerne over sommeren for en prat eller en gjennomgang av prosjekter og aktiviteter.

Ha en utmerket sommer!

Tone

Vennlig hilsen/

Regards

Tone Hartvedt



M: +47 917 29 055

E: tone@investinbergen.no

www.investinbergen.no

[Sign up for our Newsletter](#)





Vår dato:

09.08.2024

Vår ref:

2024/11821

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marit Lunde, 57 64 30 05

Håvard Rød, 55 57 21 43

Skjønsmidler - prosjektskjøn 2025

Statsforvaltaren vil tildele skjønsmidler til fornying og innovasjon (prosjektskjøn) i kommunane, og inviterer med dette kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt for 2025.

Det er ei utlysing av midlane for 2025, og søknadsfristen er sett til **fredag 1. november d.å.**

Om kommunane sender fleire søknader, ber vi om at kommunen set opp ei prioritering mellom sine eigne søknader.

Det har i dei siste åra vore lagt til grunn ei årleg øvre ramme på kr 15,0 mill. i skjønstilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt i Vestland. Den faktiske årlege fordelinga av tilskot til prosjekt har vore noko lågare enn dette. I år er det fordelt kr 13,85 mill. i prosjektskjøn.

Retningslinjer

I retningslinene frå Kommunal- og distriktsdepartementet går det fram at prosjektskjønsmidlane skal bidra til fornying og utvikling i kommunane. Føremålet er å gi kommunane støtte til å prøve ut nye løysingar for å gjere tenestene betre for innbyggjarane, og få fram tiltak som kan gi grunnlag for effektivisering og innsparing. Midlane skal stimulere kommunane til å arbeide med utvikling og innovasjon.

Departementet har i retningslinene presisert at det berre er kommunane sjølve som kan søkje om midlar og stå som ansvarlege for prosjekt. Kommunane kan samarbeide med andre aktørar, t.d. lokale lag og organisasjonar. Det må likevel vere kommunane sjølve som skal vere den sentrale parten i dei prosjekta som får tildelt skjønsmidler.

Det kan bli gitt tilskot til prosjekt med føremål om å opprette nye interkommunale samarbeid, dersom samarbeidet kan bidra til meir føremålstenleg oppgåveløysing. Dette kan vere særleg



relevant i område som kommunane har store utfordringar, t.d. innafør barnevern, vikarordningar i helsetenester m.m.

Kommunane må syne til ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan og gjere greie for utfordringane sine. Det må bli vist til klare målsetjingar og det kommunen ønskjer å oppnå med prosjektet. Det er ønskeleg om det kan bli vist til verkemiddel eller løysingar som skal bli prøvd ut i prosjektet.

Det blir ikkje gitt tilskot til utføring av ordinære driftsoppgåver, og heller ikkje til ordinær gjennom-gang av kommunal organisering. Statsforvaltaren skal ikkje gi tilskot til næringsutviklingsprosjekt. Slik støtte vil kunne overlappe med fylkeskommunen sine verkemiddel og bidra til uklår ansvars-fordeling mellom statsforvaltaren og fylkeskommunen.

God formidling av prosjekta som får tildelt midlar er viktig, også for å syne det som blir oppnådd av nasjonale mål og føringar. Informasjon blir også lagt ut på Statsforvaltaren sine heimesider.

Aktuelle føremål i 2025

Statsforvaltaren ønskjer å stimulere kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet, bruke ny teknologi og få betre økonomi i drifta.

Vi vil understreke at vi prioriterer å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.

Vi vil vidareføre dei same søknadsføremåla for 2025 som i 2024.

Kommunane kan for 2025 særleg vurdere følgjande søknadsføremål:

- Kommunale tenester til helse og omsorg
- Bustadsosialt arbeid
- Kommunale tenester til barnehage og skule
- Kommunal tenesteutvikling for utsette barn og unge
- Digital forvaltning
- Interkommunalt planarbeid
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Klima- og miljøutfordringar

Kommunal forankring og ansvar

Vi legg vekt på at prosjekta har ein overføringsverdi, er forankra i kommuneleiinga og hjå tilsette. Prosjekta bør gi klare kvalitetsforbetringar eller effektiviseringsgevinstar. Konkrete gjennomførings-prosjekt blir prioriterte framfor utgreiingsprosjekt. Det blir ikkje gitt støtte til kjøp av utstyr. Prosjekta skal bidra til reell fornying.

I retningslinene for skjønstilskot frå departementet var det tidlegare lagt til grunn at det må vere ei kommunal eigenfinansiering. Sjølv om det ikkje lenger er eit krav at det skal vere kommunal eigen-finansiering, vil vi prioritere prosjekt der det er minst 50 prosent kommunal eigenfinansiering. Løns-utgifter for egne tilsette blir rekna som kommunal eigenfinansiering.

Prosess for tildeling

Kommunane kan søkje om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt direkte til Statsforvaltaren. Som tidlegare skal det sendast søknad på eige søknadsskjema som ligg i portalen for prosjektskjøn. Denne finn du her: <https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no>



Den i kommunen som søker må nytte Id-porten (til dømes bank-id) og må leggje inn person-opplysningar, e-postadresse i kommunen, rolle (søklar), og kommune (obligatorisk). Førespurnad om godkjenning som søklar blir send til Statsforvaltaren gjennom portalen. Når godkjenning er gitt, kan søklar gå inn på <https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no> og fyller ut søknad.

Søknadsperiode

Søknadsperioden for fordeling i 2025 er frå og med måndag 2. september til og med fredag 1. november d.å.

Dersom dei interkommunale politiske råda ønskjer å uttale seg til søknadene, ber vi om å få brev med fråsegn innan fredag 8. november d.å. Råda avgjer sjølve om dei vil kome med framlegg til prioritering mellom søknader i brevet eller berre uttale seg generelt. KS vil få høve til å uttale seg om søknadene i møte med Statsforvaltaren.

Dei interkommunale politiske råda og KS kan innhente informasjon om søknadene frå kommunane og/eller hente informasjon frå den nemnde portalen.

Generell informasjon om skjønsmidlar til fornying og innovasjon finn de og på våre heimesider under Kommunal styring.

Rapportering

Rapportering for prosjektskjøn for 2024 må gjerast i same portalen: <https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no> Frist for rapportering for 2024 er 1. februar 2025.

For rapportering av prosjektskjøn for 2025 er det sett frist til 1. februar 2026.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Christian Rekkedal
fung. kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Frode Kyrkjebo@ks.no

Adresseliste til dei interkommunale politiske råda:

Region Nordhordland IKS, Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø

e-post: post@regionnordhordland.no

Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik



e-post: post@hardangerradet.no

Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

e-post: firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no

Sognarådet, Gravensteinsgata 17, Pb. 153, 6851 Sogndal

e-post: postmottak@sogndal.kommune.no

Nordfjorderådet, Pb. 294, 6701 Måløy

e-post: post@kinn.kommune.no



REFERAT FRÅ MØTE I RÅDMANNSFORUM onsdag 21.08.24 i Eidfjord

Tilstades: Magnus Steigedal, Eidfjord kommune - leiar
Thore Hopperstad, Ulvik herad
Anita Hesthamar, Kvam herad
Ole-Jørgen Jondahl, Ullensvang kommune
Administrasjon: Trude Rinaldo

Agenda:

09.00 - 11.00 Rådmannsforum sakshandsaming
11.00 - 12.00 Oppstart: Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden
12.00 - 13.00 Lunsj
13.00 - 14.00 Fortset med felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden

Sakliste Rådmannsforum:

RF-sak 01/24 Meldingar

Melding teke til vitande

RF-sak 02/24 Fjernarbeid Fase 2 - status og framdrift

Informasjon frå og digital dialog med Kåre Hansen, forskningsleiar frå NORCE om status i prosjektet, oppstart fase 2 og framdrift. Fase to har fokus på arbeidstakar og skjer i perioden 21/10/24 - 31/03/25.

- Prosjektet vil tene på å vera synleg. Mål om brei og god dekning lokalt, regionalt og nasjonalt i politiske miljø, i kommunane og i media.
- Det er sendt søknad til VLFK om "Tilskot til berekraftig verdiskaping", svar kjem 15/10/24.
- Digitalt seminar med Island som hovudgjest. På Island er dei komne mykje lengre enn oss i denne prosessen. Til dømes er det bygd over 100 "Statens hus" rundt om i heile landet for at statleg ansatte skal kunna bu og arbeide i frå heile landet. Det vert brei invitasjon til dette digitale møtet.

Vedtak:

Rådmannsforum ønskjer at "Fjernarbeid" vert forankra betre politisk og sett på den politiske agendaen, og ber Hardangerrådet om å ta det til den politiske arenaen. Fyrst ber ein Hardangerrådet invitera Kåre Hansen til rådsmøtet den 12/09 for å sjå på korleis ein kan arbeide politisk. Rådmannsforum ber også ordførane om å la prosjektet v/Kåre Hansen å presentera seg i alle kommunestyra denne hausten.

Rådmannsforum eig og styrer "Fjernarbeidsprosjektet", og ønskjer at Team Hardanger har fokus på prosjektet med link til rekrutteringsprosjektet og dei næringsrelaterte sidene ved fjernarbeid.

RF-sak 03/24 Aktuelle saker i kvar kommune/herad. Runde rundt bordet

Saka utsett til neste møte

RF-sak 04/24 Orienterings- og drøftingssaker

- **Kontingent Hardangerrådet 2025**
Ber Hardangerrådet drøfta på sitt møte 12/09

- **Møtetedatoar**

Rådmannsforum ønskjer 2 møter i halvåret. I tillegg ønskjer dei nokre fellesmøter med Hardangerrådet i året. Herved inviterar dei seg inn i seg inn i desembermøtet.

→ **Fredag 25/10/24 i Kvam.**

Fellesmøte med Team Hardanger. Fjernarbeid som hovudsak.

→ **Tysdag 04/02/25 i Odda.**

RF-sak 05/24 Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden.

Gjennomført oppstart med planleggjarar frå heile Hardanger. Konst. rådmann frå Voss deltok også. Eige referat sendt ut.

Sakliste neste Rådmannsforum:

Oppfordrar at alle innspel kjem inn før møtet, slik at alle kan førebu seg.

Thore Hopperstad vil på neste møte i Rådmannsforum informera om organisatoriske endringar Ulvik no gjer i helsesektoren.

Eidfjord 21/09/24

Trude Rinaldo, Sekretær



Hardangerrådet iks



Hardanger

REFERAT OPPSTART FELLES FORVALTNINGSPLAN FOR HARDANGERFJORDEN 21.08.24 med Rådmannsforum, planleggjarar og Voss herad.

Tilstades:

Rådmannsforum: Ole-Jørgen Jondahl, Anita Hesthamar, Magnus Steigedal, Thore Hopperstad

Voss herad: Torbjørg Austrud, konst. rådmann

Planleggjarar: Anne Kommedal, Eidfjord kommune; Leiv Ingmar Kaale, Kvam herad;
Lars Præstiin, Ulvik herad; Wermund Vetrhus, Ullensvang kommune

Administrasjon: Trude Rinaldo

Agenda:

11.00 - 12.00 Oppstart: Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden

12.00 - 13.00 Lunsj

13.00 - 14.00 Planleggjarane fortsette møtet sjølve

RF-sak 05/24 Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden

Oppsummering og arbeid vidare:

Rådmenna ber planleggjarane å skriva eit konkurransegrunnlag og forslag til målsetjing. Voss herad er invitert inn i prosessen.

I utlysing er konkurransegrunnlaget og målsetjing oppdraget. I oppdraget vert det lagt inn opsjon på planprogram og gjennomføring.

Ferdig grunnlag vert lagt fram for Hardangerrådet, for å bekrefte at prosjektet er riktig forstått, og at rådet vil gå vidare med dei ressursar det vil krevja av folk og økonomi.

Konkurransegrunnlaget og målsetjing skal leggjast fram for Hardangerrådet 17/10/24, og Voss herad vert invitert inn.

I Hardangerrådet 12/09/24 vert det gjeve referat frå dette møtet ved leiar i Rådmannsforum Magnus Steigedal.

Voss herad ved ordførar må få meir informasjon og kunnskap om prosjektet dei er invitert inn i.

Planleggjararane lagar si eiga framdrift, og i møte føreslo dei korte møter kvar 14.dag. Eidfjord kommune er ansvarleg for innkallingar og Ullensvang kommune er ansvarleg for felles dokument.

Rådmannsforum vil be alle kommunane å einast om å setja denne søknaden øverst i sine prioriteringar om skjønnsmidlar 2025 v/ Statsforvaltaren.

Eidfjord 21/08/24

Trude Rinaldo, Sekretær

Marthe Jansen <marthe.jansen@tvaksjonen.no>
Til: "trude.rinaldo@hardangerraadet.no" <trude.rinaldo@hardangerraadet.no>

28. august 2024 kl. 09:

Hei Trude,

Det er klart jeg kan. For ordens skyld så tenker jeg på TV-aksjonen 2024 🍌 Den går av stabelen i oktober, og bøssebærerne skal ut å gå søndag 20 oktober. I år er TV-aksjonen tildelt Barnekreftforeningen. Annenhver dag får et barn i Norge kreft, og hver uke blir 10 barn født med hjertefeil. Når et barn blir alvorlig sykt, rammes hele familien. Ofte må barnet reise langt for å få livsviktig behandling, og familien blir splittet i lange perioder. Årets aksjon går til å etablere familiehøst nær universitetssykehusene i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo. Her kan familier med alvorlige syke barn skape gode stunder i en vond tid.

Slik skal familiehøstene gi familier med alvorlige syke barn, uavhengig av diagnose, mulighet til å skape et hjem hjemmefra. Her kan de støtte hverandre gjennom en vond og vanskelig tid, og få etterlengtet pauser fra sykehusets alvorstunge korridorer.

Et samarbeid jeg ser for meg, som vi har hatt tidligere med Hardangerrådet er rundt næringslivet. Næringslivet er blitt en stor, og blir stadig større, bidragsyter inn mot TV-aksjonen. I fjor samlet næringslivet inn ca 52 millioner nasjonalt. I denne summen er det relativt få store bidrag, suksessfaktoren ligger i lokale næringslivsdugnader, hvor personer i lokalmiljøet (gjerne ordførere, eller andre i næringslivet), kontakter sitt nettverk på vegne av TV-aksjonen.

Det er mye gevinst i dette, den mest synlige er bidragene som kommer inn, men vi opplever og får tilbakemeldinger om at dette er kjekt og skaper et positivt fellesskap.

Formen på en ringedugand:

- Et lokale (vi har tidligere sittet hos Hardangerrådet), men ofte er det i et kommunehus
- Tid: det hele tar ca 2 timer, først en rask innføring i årets TV-aksjon/heiarop fra oss i TV-aksjonen, så ringes det rundt i ca 1.5 timer
- Vi har varme ringelister fra tidligere givere. Men vi oppfordrer til å i tillegg bruke eget nettverk
- Ingen bidrag er for stor og ingen bidrag er for små.
- Vi stiller med snakkepunkter ect
-


Det vi har fått drahjelp til av Hardangerrådet tidligere er å samle ordførerne i regionen (evt andre fra næringslivet). Slik jeg husker det så la vi næringslivsdugnaden opp til et annet møte dere organiserte for regionen.

Jeg håper ønsket vårt om et samarbeid kom litt tydeligere frem nå?

Jeg ser frem til å høre fra deg igjen

Marthe Jansen

Fylkeskoordinator Vestland
NRK TV-aksjonen, Barnekreftforeningen 2024



Møtedato 12.09.2024	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

HR-sak 21/24 Møteplan 2025 for Hardangerrådet

Saksutgreiing:

Hardangerrådet har bestemt at ein skal tidleg ut med møteplanen for å unngå at kommunane og andre set opp dei politiske møta sine på same datoar. Det er mange omsyn som skal tilpassast med 4 kommunar/herad, Vestland fylkeskommune med fleire. Kommunane i Hardanger har godkjent at Hardangerrådet har sine fellesmøte på torsdagar.

Skuleruteferiane i 2025 er slik:	Vinterferie	Veke 8/9	17.02 - 02.03
	Påske	Veke 16/17	12.04 - 21.04
	Pinse	Veke 23/24	08.06 - 09.06
	Sommarferie	Veke 26/34	23.06 - 18.08
	Hautferie	Veke 40/41	29.09 - 12.10
	Joleferie	Veke 52/01	22.12 - 02.01

Vurdering:

Me har stort sett fulgt malen frå 2024 for møteplan 2025.


Det vert 4 ordinære møte + Hardingtinget i vårhalvåret, og 3 ordinære møte i hausthalvåret, samt Hardangerkonferansen 2025.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet vedtek slik møteplan for 2025:

Møteplan 2025

2025	Jan.	Feb.	Mars	April	M a i	Juni	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet	Torsdag 16.		Torsdag 27.	Torsdag 24.		Torsdag 12.	Torsdag 18.	Torsdag 23.		Torsdag 10.
Representant- skapet	Eidfjord		Ulvik Årsmøte	Ullensvang		Kvam	Eidfjord	Ulvik		Ullensvang
Hardingtinget		Torsdag 13.							Ons-Tors 5.-6.	
Hardanger- konferansen		Kvam Harding- tinget							Ullensvang Hardanger- konferansen	



Møtedato 12.09.2024

Saksansvarleg Trude Rinaldo

HR-sak 22/24 Høyringsinnspel - Forslag til ny motorferdsellov

Vedlegg:

**Høyringsinnspel - Forslag til ny motorferdsellov 24/031 Eidfjord motorferdselutval
Høyringsinnspel for forslag til ny motorferdsellov versjon 29.08.24**

Saksutgreiing:

Særutskrift frå 24/031 Eidfjord motorferdselutval 29.08.2024

“Saka gjeld:

Regjeringa sitt motorferdsellovutvalg har lagt fram sitt forslag til ny motorferdsellov 21.05.2024. I arbeidet har utvalget lagt vekt på å klargjera, samla, og modernisera regelverket. Det er lagt opp til at den nye lova skal erstatte både eksisterande lov, og forskrifter. Høyringsfristen er 15.09.2024

Vurdering:

Eksisterande motorferdsellov trådde i kraft i 1978, og har i seinare tid vorte supplert med fleire forskrifter. Mest aktuell er motorferdsellovskrifta som trådde i kraft i 1988, som i dag regulerer det meste av motorferdsel på barmark, snødekt mark, og islagte vassdrag. Utvkinga kring motorferdsel og køyretøy har endra seg veldig etter at lovverket kom, noko som har ført til stor variasjon i utøving av skjønn, og tolkingar. Målet til utvalget har er å klargjere lovverket for å minske forskjellig handsaming mellom kommunane. Lova legg og meir vekt på typen underlag enn typen kjøretøy, samt opnar for at motorferdsel for enkelte områder kan styrast gjennom arealplan etter plan og bygningslova (til dømes landingsplass og skuterløyper). Målet til motorferdsellovutvalget er å leggje til rette for meir lokalt sjølvstyre, og mindre byråkrati.

Vedlagt ligg forslag til høyringsinnspel. Det er eit dokument administrasjonen har laga basert på diskusjonane under forrige møte. Grunna dette er ei heilt ny lov, som har tatt utgangspunkt i gammal lov med fleire forskrifter er det vanskeleg å gjere ei kort oppsummering, men forslaget til høyringsinnspel har tatt for seg dei fleste endringane, og korleis det vil påverka motorferdselen i kommunen i forhold til eksisterande lov og praksis.

Motoferdsellovutvalget si eige utgreiing om bakgrunnen til forslaget står på side 19 til 22 i høyringsdokumentet, og ei grundigare vurdering for kvar paragraf ligg på side 372 til 410.”

Framlegg til vedtak:

Ikkje framlegg til vedtak i saka



Saksframlegg

Vår ref. 24/2278 - 4
Sakshandsamar Ivar Ulgenes
Dato 18.07.2024

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/029	Eidfjord motorferdselutval	08.08.2024
24/031	Eidfjord motorferdselutval	29.08.2024
	Eidfjord kommunestyre	

Høyringsinnspel - Forslag til ny motorferdsellov

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Vedlagt dokument kalla "Høyringsinnspel ny motorferdsellov" vert vedteke som høyringsinnspel og sendt til høyringsinstansen.

Eidfjord motorferdselutval 29.08.2024

Handsaming

Endringsframlegg fremja i møte, sjå vedlegg - Høyringsinnspel til ny motorferdsellov, versjon 29.08.24

Røysting:
Samrøystes vedteke.

MOT - 24/031 vedtak

Vedlagt dokument kalla "Høyringsinnspel til ny motorferdsellov, versjon 29.08.2024" vert vedteke som høyringsinnspel og sendt til høyringsinstansen.

Eidfjord motorferdselutval 08.08.2024

Handsaming

Det var mange innspel til saka, og det var planlagt webinar i etterkant av møte som var relevant for saka.

Saka vart utsett for deltaking på webinar og for å samordna innspela.

MOT - 24/029 vedtak

Saka vart utsett for deltaking på webinar og for å samordna innspela.

Vedlagt:

Forslag til høyringssinnspel, Høyringsdokument.

Vedtak skal sendast til:

Klima og miljødepartementet

Endeleg avgjerd i:

Formannskapet

Saka gjeld:

Regjeringa sitt motorferdsellovutvalg har lagt fram sitt forslag til ny motorferdsellov 21.05.2024. I arbeidet har utvalget lagt vekt på å klargjera, samla, og modernisera regelverket. Det er lagt opp til at den nye lova skal erstatte både eksisterande lov, og forskrifter. Høyringsfristen er 15.09.2024

Vurdering:

Eksisterande motorferdsellov trådde i kraft i 1978, og har i seinare tid vorte supplert med fleire forskrifter. Mest aktuell er motorferdsselforskrifta som trådde i kraft i 1988, som i dag regulerer det meste av motorferdsel på barmark, snødekt mark, og islagte vassdrag. Utklinga kring motorferdsel og køyretøy har endra seg veldig etter at lovverket kom, noko som har ført til stor variasjon i utøving av skjønn, og tolkningar. Målet til utvalget har er å klargjere lovverket for å minske forskjellig handsaming mellom kommunane. Lova legg og meir vekt på typen underlag enn typen kjøretøy, samt opnar for at motorferdsel for enkelte områder kan styrast gjennom arealplan etter plan og bygningslova (til dømes landingsplass og skuterløyper). Målet til motorferdsellovutvalget er å leggje til rette for meir lokalt sjølvstyre, og mindre byråkrati.

Vedlagt ligg forslag til høyringssinnspel. Det er eit dokument administrasjonen har laga basert på diskusjonane under forrige møte. Grunna dette er ei heilt ny lov, som har tatt utgangspunkt i gammal lov med fleire forskrifter er det vanskeleg å gjere ei kort oppsummering, men forslaget til høyringssinnspel har tatt for seg dei fleste endringane, og korleis det vil påverka motorferdselen i kommunen i forhold til eksisterande lov og praksis.

Motofersellovutvalget si eige utgreiing om bakgrunnen til forslaget står på side 19 til 22 i høyringsdokumentet, og ei grundigare vurdering for kvar paragraf ligg på side 372 til 410.

Nye opplysningar i saka:

Endeleg avgjerd er endra frå Formannskapet til Kommunestyre.

Vedlegg

Forslag til ny motorferdsellova

Høyringsinnspel for forslag til ny motorferdselslov

Motorferdsel i utmark er eit tema som råkar mange her i landet. I Eidfjord kommune er over 90% av totalt landareal utmark. Me meiner derfor at det er bra med ei revidering av lovverket, som moderniserer lova i forhold til nyare teknologi og problemstillingar, samt samlar fleire forskrifter i same lov. Forslag til ny lov er og oversiktleg og strukturert.

Samstundes stiller me spørsmål til enkelte vurderingar, som me trur vil føra til meir unødig sakshandsaming slik det ligg føre.

Me meiner det vert heilt feil om lokalbefolkninga med eigedom i utmark skal verta underlagt strengare reglar enn aktivitet knyta til f.eks. turisme. Det er ok at det i utgangspunktet er forbode med motorferdsle i utmark, men me meiner at personar med eigedom må koma inn under unntaka på lik linje med f.eks. transport til bemanna turisthytter, § 14. Lova bør ikkje nedprioritera dei som faktisk eig grunnen og bur i utmarkskommunane. I Eidfjord kommune det mange innbyggjarar som har stølar/hytter i utmark, samt eigedom i Hardangervidda nasjonalpark. Sånn forslaget ligg føre vert ny lov i nokre tilfelle strengare utanfor nasjonalparken, enn innanfor nasjonalparken, til dømes krav til rapportering av turar og sporing. Dette verkar ulogisk, og unødig strengt. Me stiller oss bak kravet om at det skal vera nyttetransport og at omfanget av transportaktivitetane skal rapporterast for å få fram statistikk.

I Eidfjord kommune har me saman med grunneigarane utforma kart som viser traseane som skal fylgjast slik at ein unngår tilfeldig køyring, og slik at oppsyn har handfaste trasear å forhalda seg til når dei gjennomfører kontroll. Slike kart fylgjer med alle gitte løyve og er lett tilgjengeleg via kommunen sine heimesider.

Me reagerer også kraftig på framlegg om innføring av gps sporing og geofencing, dette er neppe i tråd med gjeldande personvernreglar.

Vår erfaring er at dei som ferdast i utmark respekterer gjeldande regelverk og ikkje køyrer meir enn det som er nødvendig. Det er yters sjeldan at nokon vert melde i vårt distrikt, unntaket er tilreisande som med spesialscooterar tek seg til rette. Ei ny og

skjerpa lov vil ikkje fjerna dette problemet, her må politi og anna oppsyn gå hardare til verks!

Kommentar og spørsmål til paragrafar

§4: Me forutsett at det vert presisert i forskrift, eller rettleiar, kva som skal vera unntak sidan det finnes mange alternativ i dag som er laga for å kome fram i terrenget, og belastninga vil vera avhengig av underlaget.

§9: Me meiner ordlyden i avsnitt 1 og 2 skal endrast frå « Kommunen eller Statsforvaltaren kan i avgrensa områder midlertidig avgrensa eller forby ferdsel» til Avsnitt 1:«Kommunen kan, og Statsforvaltaren kan i samråd med kommunen, i avgrensa områder innføra restriksjonar for motorferdsel som elles er tillat etter kapittel 3 til 5, når det er nødvendig for reindrifta eller andre interesser som denne loven skal ivareta».

Avsnitt 2: Kommunen kan, og Statsforvaltaren kan i samråd med kommunen, innføra restriksjonar for motorferdsel som elles er tillat etter kapittel 3 til 5 i spesielt sårbare områder

§13 C: Me meiner reinsdyr skal inkluderast, og ordlyden difor endrast til «for uthenting av felt **hjortevilt**, villsvin og bjørn.

§14: Me meiner det skal innførast eit andre ledd, eller bokstav, som tillèt personar med eigedom i utmark å utføra nyttetransport på vinterføre til eigen eigedom . Kommunen kan setja grense for minimum avstand til brøyta veg.

§17: Me meiner det er tilstrekkeleg at ordlyden er «for grunneigarar eller innehavar som har **skriftleg avtale** med grunneigar om hogstrett», sidan det ikkje er krav om at ein rettighet skal vera tinglyst for at den skal vera gyldig.

§18: Me ber om at det vert presisert kva som ligg i omgrepet «turvei». Vår tolking er at dette ikkje omfattar turstiar i utmark.

§32: Fiskekultivering er eit veldig vidt omgrep, og eit av dei viktigaste kultiveringstiltaka er effektivt fiske. Me meiner difor at garnfiske skal verta nemnt i ordlyden. «Kommunen kan gi tillatelse til motorferdsel som er nødvendig for å gjennomføre fiskekultiveringstiltak, herunder garnfiske».

§33: Me meiner at lova må ta høgde for at det ikkje er eigar sjølv som nyttar fritidsbustaden. Lova må ta høgde for leigetakar og andre i husstanden. Me meiner at desse må verta med i ordlyden. «Kommunen kan gi tillatelse til motorferdsel som er nødvendig for godstransport til fritidsbolig som søker eier, eller har leieforhold til. Dette gjelder bare transport med luftfartøy, transport på vassdrag og transport på snødekt mark»

§34: Å måtte søkja om løyve til motorferdsel for helikopter, på snødekt mark eller båt, i forbindelse med arbeid der det føreligg løyve etter plan og bygningsloven vil føra til mykje unødig ekstraarbeid. Dersom det føreligg vedtak etter plan og bygningslova vil det vera urimeleg at kommunen skal gjera ei ny vurdering angående **når/om** tiltakshavar kan bygga, når dette kan vera avhengig av veldig mange eksterne faktorar. I verste fall fører ein slik ordning til meir bruk av «midlertidige» anleggsvegar. Dersom målet med paragrafen er at det ikkje skal utførast motorferdsel i enkelte tider av året kan dette løysast med å vedta kommunale retningslinjer som avgrensar ferdsel i sårbare periodar.

Me meiner at om det er forsvarleg å byggje på staden er ei vurdering som bør gjerast når det vert gjeve byggjeløyve. Dersom konsekvensane knytt til transport gjer at kommunen ikkje vil gje motorferdselløyve så bør det heller ikkje gjevast byggjeløyve. Me ser at fri ferdsel etter byggjeløyve kan verta misbrukt, men dette kan løysast med å til dømes avgrensa motorferdsel unnateke søknadsplikt til 3 år.

§36: «Kommunen kan gi personer med varig funksjonsnedsettelse som gir vesentlig redusert bevegelsesevne tillatelse til motorferdsel på **snødekt mark og islagt vassdrag**» Me meiner denne paragrafen og må inkludere luftfartøy. Elles vil det føra til at personar med funksjonsnedsettelse får avgrensa tilgang til enkelte områder på sommarhalvåret. Det vil og føra til fleire unødige dispensasjonssøknadar, og kan føra til at personar veljer å heller tøya grensene etter §4, eller lager ulovlege vegar.

§ 37 Me meiner som USS at 2. ledd av denne paragrafen må strykast: ~~Dersom det er nødvendig for å ivareta nasjonale eller viktige regionale interesser og hensyn, kan Kongen i forskrift midlertidig legge myndigheten til å gi dispensasjon etter denne paragrafen til statlig eller regionalt organ.~~

Dette leddet stettar ikkje mandatet til utvalet som har utarbeida ny motorferdselslov og er inngripande på det kommunale sjølvstyret.

38§: «Kommunen **skal** fastsette antal turer». Dette må endrast til «kommunen **kan** fastsette antal turer». Det vil vera vanskeleg å handheva fleirårsløyve der det må konkretiserast på førehand tal turar. Dersom det ikkje vert opna for nyttetransport etter føreslått §14, vil dei fleste med hytter i fjellet/utmarka vil truleg søkje etter §§ 33 til 36. Å krevje spesifisering av tal turar vil då tyde at dei må vurdere kor mange helger i løpet av ein sesong dei vil vera på hytta, og så må eventuelt kommunen sei om dei får lov eller ikkje. Dette kan virka inngripande for mange. Me finn det og provoserande at privat nyttetransport er strengt regulert, medan transport til turisthytter er uregulert.

Her i kommunen er det praktisert at løyvet vert gjeve på vilkår at dei kan synleggjera at transporten er i tråd med argumentasjonen i søknaden ved kontroll. Vert nokon då stoppa til dømes utan slede, eller utan bagasje/utstyr på veg til hytta så har dei køyrd i strid med løyvet. Grunnlaget og framkomstmiddelet vil då vera avgjerande om det vert satt avgrensing på tal turar eller ikkje. Dette er ei ordning som har fungert bra for oss. Og det må vera tilstrekkeleg at rapport over antal og tidspunkt for utførte turar vert innlevert etter slutten av sesongen.

Me meiner og at siste avsnitt et i strid med føremålet med lovforslaget, om lokalt sjølvstyre. Dette grunna tradisjon, og utøving av motorferdsel er særers varierende rundt i landet, og ha felles krav gjeve i forskrift vil ta vekk noko av det lokale sjølvstyret.

§43: Kommunen meiner bokstav A og skal inkluderast i andre avsnitt «Arealer etter første avsnitt bokstav **a til f** kan ikkje legges i foreslåtte verne...».

Me meiner og at dei nasjonale villreinområde skal delast i to klassar: A områder villreinen **faktisk** brukar, og B områder villrein **kan** koma til å bruka der tiltak/planar etter fyrste avsnitt kan tillatast.

§ 49: Kommunen meiner siste avsnitt skal strykast, og at det ikkje er i tråd med personopplysningslova. Under punkt 31.3.2.2 er det lista fleire punkt der sporingsteknologi vert nytta. Der vert fiskebåtar, og **dyr** nytta som eksempel. Me ser ikkje korleis dette er samanliknbart med privatpersonar som har fått løyve til motorferdsel. Det er **båten** som vert spora, ikkje personane på båten. På mange fiskebåtar varierer mannskapet, og aktiviteten på båten er framleis «privat», medan sporing av ein snøskuter som vert ført av ein privatperson som har fått løyve kan

berre visa kva den enkelte personen gjer på det tidspunktet. Dette vil heller ikkje påverka dei personane som faktisk køyrer ulovleg, då det er lite truleg at dei vil skru på sporaren før dei reiser på tur.

§53: Me meiner den føreslåtte strafferamma er i overkant, sett opp mot straff i samfunnet elles. Dersom noko utfører grov overtredelse av motorferdselslova er det meir logisk å straffe etter naturmangfaldlova, då det er naturen og naturmangfaldet som er påført skaden.

Plan og bygningslova eller forskrift

Me ser ikkje den store gevinsten med å knyte **all** motorferdsel og arealbruk opp til plan og bygningslova. Områder som vil få ein særskild betydning, til dømes løyper, landingsplassar, øvingsområde er positivt å regulera via pbl. Medan for enkelte utmarkskommunar er veldig mykje av arealet «berre utmark», og for at innbyggjarane skal føla seg likestilt med kvarandre er det difor ønskeleg at dei same reglane gjeld i heile kommunen. Med mindre det føreligg nokon særskilte grunnar, trur me det er betre å setta generelle reglar i forskrift, til dømes flyforbod i enkelte periodar, motorstørrelse på vassdrag, skutersesong. Å regulere alt i plan vil og føre til meir sakshandsaming for mindre kommunar, som ofte allereie har liten bemanning på planavdelinga.

«Long-line»

Det er uheldig om flyging med «long-line» vert søknadspliktig. Slik me ser det vil dette og vera i strid med føremålet med forslaget om å ikkje føre til vesentlege administrative konsekvensar. I realiteten vil om lag all flyging med long-line vera knytt til flyging etter kapittel 3 eller 5, sidan det alltid vil vera eit føremål med flyginga, og aldri persontransport (det vert svært sjeldan akseptert at privatpersonar sitt på i helikopteret). Underhengande last er den mest effektive transportmetoden, noko som vil minske belastninga på miljøet, og økonomiske kostnadar for vedkomande.

Det er og ofte knytt til større oppdrag, som vil føra til søknadar der det vert søkt om eit tal turar på ein heilt anna skala enn resten av søknadane etter kapittel 5. Dette vil gjera det vanskelegare å vurdera om det talet er reelt eller ikkje. Gjere dette søknadspliktig vil og føre til større mørketal i tal turar gjeve samanlikna med brukt, sidan det truleg vil verta søkt om «nokon turar ekstra» for å vera sikker. Det naudsynte tal turar vil og variere ut ifrå utforminga på lasten, samt værforholda.

Postombringing

Me støttar uttalen frå USS om at det må takast høgde for at det framleis er behov for motorferdsel i utmark og vassdrag for postombringing. Dette er nemt i punkt 19.5.2 der det er konkludert med at dette ikkje skal vidareførast grunna manglande behov.

Konsekvensar for ei unødig streng motorferdselslov.

Me fryktar at dersom ei ny motorferdselslov vert for streng kan dette føra til at enkelte grunneigarar nektar all motortransport over sin grunneigedom i protest. Dette vil føra til at andre kan få sperra tilgang til eigedomen sin.

Størrelse på høyringsnotatet

Ikkje alle har lika mykje erfaring med å lese lovttekstar og heimlar. Når eit lovforslag for ei så omfattande lov vert lagt ut på offentleg høyring så meiner me at det og hadde vert gunstig med eit samandrag som omhandlar korleis dette faktisk vil påverka kvardagen til folk, til dømes med ei oppsummering om kva som har vert lov/ikkje lov tidlegare, i forhold til forslaget. Eit høyringsnotat på 428 sider vert for omfattande for mange og setja seg inn i.



Møtedato 12.09.2024	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

HR-sak 23/24 Søknad frå Visit Hardangerfjord om støtte til hovedprosjekt regional reiselivsstrategi for Hardanger

Saksvedlegg: Søknaden frå Visit Hardangerfjord

Saksutgreiing:

Særutskrift frå rådsmøte 21.06.24

“HR-sak 19/24 Orienterings- og drøftingssaker

- **Søknad til Hardangerrådet frå Visit Hardangerfjord vedrørende Reiselivsstrategi Hardanger.**

Det er svært positivt at Visit Hardangerfjord vil laga ein regional reiselivsplan. Denne søknaden kan ikkje vurderast før til hausten. Rådet ser føre seg at søknaden vert del av budsjettarbeid til dei ulike Hardangerkommunane til hausten. “

Dagleg leiar og styreleiar i Visit Hardangerfjord kjem til rådsmøtet for å informera om prosjektet.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Søknad om støtte til hovudprosjekt regional reiselivsstrategi for Hardanger

Visit Hardangerfjord starta i 2020 eit forprosjekt for ein reiselivsstrategi som skulle inkludere heile regionen, med kommunane Eidfjord, Ulvik, Ullensvang, Kvam og Kvinnherad. Gjennom forprosjektet vart det gjennomført ei kartlegging av noverande situasjon, i tillegg til framtidsutsikter om korleis ein såg for seg reiselivet i Hardanger på kort og lang sikt.

Vestland fylke vart tidleg engasjert i prosjektet og bidrog med finansiering for gjennomføring av forprosjektet. Hardangerrådet var og ein sentral samarbeidspartnar i prosjektet. Mimir var engasjert som prosjektfasilitator, og dei var og ein av hovudleverandørane til den nasjonale reiselivsstrategien, [Sterke Inntrykk med små avtrykk](#), eit arbeid leia av Visit Norway.

Forprosjektet for regional reiselivsstrategi for Hardanger vart fullført sommaren 2022, men utover dette har Hardanger i dag ingen regional strategi for reiselivsnæringa. Hardanger er og ein av få regionar som manglar ei sertifisering gjennom Innovasjon Norge si [merkeordning for berekraftig reisemål](#). Eit av kriteria for igangsetjing av sertifisering som berekraftig reisemål, er at reisemålet bør ha ein plan eller strategi for reiselivsutvikling (strategisk grunnlag) som tydeleg set retning, då dette er eit krav som skal innfriast i løpet av prosjektfasen. Det skal liggje føre ein offentleg tilgjengeleg reisemålsstrategi som er fleirårig, har eit breitt berekraftfokus, er utvikla i ein involverande prosess, og som er basert på eit mål om auka berekraft og god besøksstyring. Strategien skal vere fulgt av ein handlingsplan med årleg rullering.

Reiselivsnæringa i Hardanger har opplevd stor vekst dei siste 10 åra, noko som har medført fleire nye moglegheiter, men og nye utfordringar for næringa.

Visit Hardangerfjord oppfattar eit uttalt behov frå både næringsliv og kommunar om å få på plass ein samlande strategi for regionen. Ein reiselivsstrategi for Hardanger vil og vere grunnleggjande for utviklinga av ei reisemålsleiing i tråd med [NOU 2023:10 Leve og Opplive](#).

[Reisemålsutvalet \(2021\)](#) definerer reisemålsleiing til å handle om å definere og koordinere utviklinga av eit meir berekraftig reiseliv på reisemålet. Reisemålsleiinga er ei breitt samansett gruppe med deltakarar frå privat, offentleg og frivillig sektor og eventuelt andre aktørar i lokalsamfunnet, som samarbeider for å oppnå visjonen og måla for reisemålet

Visit Hardangerfjord, det regionale destinasjonsselskapet i Hardanger, ynskjer å utarbeide og iverksette ein regional reiselivsstrategi som skal danne grunnlag for berekraftig utvikling av reiselivet i Hardanger. Basert på gjennomført forprosjektet i 2022, ynskjer Visit Hardangerfjord no å gjennomføre hovudprosjektet som skal leggje føringar for vidare reisemålsleiing av eit berekraftig reiseliv i Hardanger.

Bakgrunn og behov for prosjektet

Visit Hardangerfjord (VHF) har over tid ønska at selskapet, i samarbeid med Hardangerkommunane, skal ta eit leiande ansvar for å utvikle ein ny, overordna reiselivsstrategi for regionen.

Forprosjektet frå 2022 peika på følgjande viktige kriterium for hovudstrategien (Visit Hardangerfjord, Mimir, 2022):

- Løyse ut potensialet for Hardanger som reisemål.
- Balanse mellom regionalt og kommunalt nivå.
- Marknadsbasert, men tilpassa lokalsamfunna.
- Gje Hardanger ein posisjon som eit leiande reisemål i Noreg.
- Rammeverk for felles utvikling.
- Heilskapleg perspektiv og berekraft.
- Lønsemd og attraktive arbeidsplassar.
- Bidra til at bedrifter og reisemål vinn på sine respektive konkurransearenaer.
- Utnytte reiselivs- og industritradisjonen.
- Ivareta forventningar til god forvaltning og destinasjonsleiing.

Viktige premisser:

- Innovasjon Noreg si merkeordning «Berekraftige reisemål».
- Vestland fylkeskommune sitt besøksforvaltingsprosjekt.
- NOU om reisemålsutvikling og besøksforvaltning i norske kommuner, leia av Trine Skei Grande.

Relevante problemstillingar for hovudstrategien vil vere korleis regionen skal skape auka lokal verdiskaping, nye stabile heilårsarbeidsplassar, auka opphald og lågare utslepp per gjest, og vidare korleis ein kan leggje til rette for investeringar i berekraftige løysingar innan reiselivsnæringa og samtidig styrkje økonomien i bransjen.

Det er eit stort behov for omstilling, digitalisering og grøn næringsutvikling tilpassa kommande generasjonar i bransjen. Nye aktørar skaper nye moglegheiter, utfordringar og disrupsjon i bransjen. Delingsøkonomi, til dømes AirBnb-overnatting, utfordrar etablerte samarbeidsmodellar i reiselivet. Nye digitale forretningsmodellar og kundesegment spring fram etter covid, og ein har ikkje same føreseielegheit i talet på besøkande til kva stad og tid. Makrofaktorar spelar i større grad ei rolle i utviklinga av destinasjonen.

Prosjektskildring

Resultatmål

Visit Hardangerfjord ynskjer å etablere og forankre ein regional reiselivsstrategi i privat og offentleg sektor i regionen, for å sikre ei berekraftig utvikling av reiselivet i Hardanger.

Visit Hardangerfjord ynskjer å forankre reiselivsstrategien basert på vidareutvikling av referansegrupper frå forprosjektet som representerer både næringsliv og offentleg sektor i regionen. Vi ynskjer òg i større grad å inkludere lokalbefolkninga for å oppnå ein god medverknadsprosess og brei lokal forankring. Visit Hardangerfjord vil gjennomføre dei anbefalte hovudaktivitetane definert i forprosjektet. Hovudprosjektet vil leggje til rette for berekraftssertifisering av reisemålet.

Effekt mål

Etablering av ein regional reiselivsstrategi med brei forankring i Hardanger-regionen. Strategien er akseptert og implementert i Hardanger-kommunane og reiselivsnæringa i regionen og adresserer sentrale suksessfaktorar for vidare utvikling av reiselivsnæringa. Destinasjonen startar arbeidet med berekraftssertifisering.

Aktivitetar i prosjektperioden

Aktivitetane i hovudprosjektet er utleidd frå gjennomført forprosjekt. Desse er:

HA 1: Mål og KPI-ar.

Overordna mål og ambisjon for reiselivsstrategien. Indikatorar (KPI-ar) for å måle utviklinga framover. Fortrinnsvis basert på opplysningar som er lett tilgjengelege og som kommunane/reiselivet sjølv kan fremskaffe allereie, eller som blir tilgjengelege gjennom arbeidet med nasjonal monitor.

HA 2: Overordna strategi/grep for Hardanger som opplevingsregion/reisemål.

Skildring av overordna strategi og hovudgrep for Hardanger. Herunder òg overordna vurdering av dei ulike besøksmåla/opplevingsregionane sitt potensial og rolle i ei framtidig utvikling. I dette ligg òg ei overordna avklaring på kva område som toler, treng og/eller kan tilretteleggast for meir intensiv bruk.

HA 3: Auka lønsemd gjennom meir heilårig attraksjonskraft.

Innsiktsinnhenting og workshops for å utvikle nye produkt og konsept, særleg med mål om å utvikle nye sesongar. Overordna om marknader/målgrupper og framtidig posisjon.

HA 4: Infrastruktur og tilgjengelegheit.

Innsiktsinnhenting, workshops, utviklingsprosjekt for infrastruktur, tilgjengelegheit, grøn mobilitet. Vinn-vinn med betre tilbod for lokalbefolkninga. Sjå etter moglegheiter for kobling mot Vestland fylkeskommune sitt innsatsområde Grønn region Vestland.

HA 5: Arbeidskraft, rekruttering og opplæring.

Tiltak for å auke reiselivets status som arbeidsplass, bidra til rekruttering og behalde arbeidskraft. Sjå både på bedriftsinterne og næringsretta tiltak, men òg kommunal infrastruktur som eigna bustader osv.

HA 6: Besøksforvaltning til beste for natur, kultur og lokalsamfunn.

Sjåast i samanheng med HA 2 samt Vestland fylkeskommune sitt besøksforvaltingsprosjekt. Skal bidra til å sikre forsvarleg utvikling òg på innbyggjarane sine premisser. Eventuelle tiltak i strategiprosessen bør utfylle fylkeskommunen sitt prosjekt, ikkje duplisere. Dersom det ikkje vert gjort i regi av det fylkeskommunale prosjektet, bør det gjennom reiselivsstrategien gjennomførast ei innbyggjarundersøking.

HA 7: Organisering for gjennomføring.

Avklare kva slags organisering som er hensiktsmessig for effektiv gjennomføring av strategien. Diskutere og tydeleggjere ansvars- og rolledeling mellom Visit Hardangerfjord, kommunar, regionråd og turistkontor. Målet må vere at organiseringa samla sett dekkjer både "Marketing og Management", at ein får på plass ei effektiv destinasjonsleiing samt løysingar for robust finansiering.

Prosjektorganisering og forankring

Ein grunnleggjande premiss er at strategien for Hardanger skal utviklast og operasjonaliserast innanfor ramma av den nasjonale reiselivsstrategien ”Sterke inntrykk med små avtrykk” som blei ferdigstilt våren 2021. Denne har ein ambisjon om at reiselivet både skal auke si eiga lønsemd, ta ut sitt potensial som jobbskapar og bidragsytar til gode lokalsamfunn, samt vere ein aktør i det grønne skiftet og FNs berekraftsmål.

Det overordna målet med strategien bør vere å løyse ut Hardanger sitt potensial som reisemål. Dette betyr å styrkje bedriftene sin konkurransevne og heilårige attraksjonskraft slik at dei kan oppnå auka lønsemd og gjennom det bidra til lokal verdiskaping, attraktive arbeidsplassar og gode lokalsamfunn gjennom berekraftig utvikling av reiselivet. Ein reiselivsstrategi for regionen må ligge til grunn for å kunne starte opp sertifiseringa av Hardanger som berekraftig reisemål, dette er eit krav frå Innovasjon Noreg.

Kapasitet og kompetanse

Eit kritisk punkt for gjennomføring er tilstrekkeleg kapasitet i prosjektarbeidet. Dette blir ivareteke ved å engasjere heiltids intern prosjektleiar, samt ekstern prosjektfasilitator. VHF er prosjekteigar for prosjektet i samarbeid med Hardanger-kommunane.

Visit Hardangerfjord innehar spisskompetanse på marknadssituasjonen for reiselivet i regionen, verdikjedekompetanse og nødvendig internasjonalt og nasjonalt nettverk til å sikre kvaliteten på ein slik prosess.

Ein annan kritisk suksessfaktor for prosjektet blir utvikling av metode for implementering av reiselivsstrategi i offentleg og privat næring i regionen.

Tids-/milepælsplan

3.kvartal 2024 - oppstart av prosjektet. Definere prosjektet, engasjere fasilitator og annen naudsynt kapasitet.

4.kvartal 2024 - gjennomføring av arbeidsmøter med styrings- og referansegrupper.

1./2.kvartal 2025 - informasjonsinnhenting og gjennomføring av analysearbeid.

1./2.kvartal 2025 - sammenstilling av prosjektet.

3./4.kvartal 2025 – implementering av strategien.

2./3. kvartal 2025 – oppstart sertifisering av Hardanger-regionen som berekraftig reisemål.

Kostnadsplan

Tittel	2024	2025	2026	2027	2028	SUM
Eksterne analyse	250 000	100 000				350 000
Informasjonsinnhenting og forankring i regionen	200 000	100 000				300 000
Prosjekt ledelse og utførelse	400 000	400 000				800 000
Styrings – og referansegrupper for næring og offentlig	100 000	100 000				200 000
Utarbeidelse og implementering		250 000				250 000
Sum kostnad	950 000	950 000				1 900 000

Finansieringsplan

Tittel	2024	2025	2026	2027	2028	SUM
Hardangerrådet/Hardanger-kommunene	950 000	950 000				1 900 000
Sum finansiering	950 000	950 000				1 900 000

Visit Hardangerfjord søker med dette Hardangerrådet om kr 1.900.000 til finansiering av regional reiselivsstrategi.

Mvh

Andreas Skogseth

Reiselivsdirektør / CEO

Visit Hardangerfjord AS

Dato: 16.06.2024.



Møtedato 12.09.2024	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

HR-sak 24/24 Orienterings. og drøftingssaker

- **Kontingent Hardangerrådet 2025**
Vedlegg: Oversikt kontingent til kommunane/herada



Til Hardangerkommunane/-herada

Informasjon om betaling av kontingent til Hardangerrådet iks i 2025

Vedtak:

Årsmøtesak 02/24

Rammebudsjett 2024 og Økonomiplan 2025-2027.

Vedtak :

- Rammebudsjettet for 2024 og økonomiplan 2025-2027 vert godkjent slik dei ligg føre.
- Styret får fullmakt til å vedta detaljbudsjett 2024 med justeringar innanfor rammebudsjettet 2024.

RAMMEBUDSJETT 2024 og ØKONOMIPLAN FOR HARDANGERRÅDET IKS 2025-2027:

Tekst	2024	2025	2026	2027
Driftsinntekter				
Kommunale tilskot	2 475 265	2 049 000	2 110 470	2 173 784
Inntekt frå VLFK	309 000	318 270	327 818	337 653
Prosjektinntekter	163 013	171 164	179 722	188 708
Prosjekt Fjordvegen RV 13	210 058	216 360	222 851	229 536
Sum inntekter	3 157 336	2 754 793	2 840 860	2 929 681
Driftskostnader				
Sum løn	2 447 641	2 002 100	2 062 163	2 124 028
Sum annan driftskost.	691 841	712 596	733 974	755 993
Sum kostnader	3 139 482	2 714 696	2 796 137	2 880 021
Resultat	17 854	40 097	44 723	49 659

Kontingent 2025 etter netak til fordeling etter Hardangerrådsmodellen :

Forslag kontingent 2025:

31. januar

30. juni

		31. januar	30. juni	
Eidfjord	11%	Kr 112.695	Kr 112.695	Kr 225.390
Kvam	34%	Kr 348.330	Kr 348.330	Kr 696.660
Ullensvang	44%	Kr 450.780	Kr 450.780	Kr 901.560
Ulvik	11%	Kr 112.695	Kr 112.695	Kr 225.390
Sum		Kr 1.024.500	Kr 1.024.500	Kr 2.049.000

Kinsarvik, 12.09.2024

Fruktbar helsing Hardangerrådet iks

Trude L. Rinaldo

Konsulent